



Handsaming av personopplysingar Fritidsfondet

Som ein del av prosjektet Bygd for alle har Voss herad oppretta eit prøveprosjekt kalla Fritidsfondet. Fondet er ei økonomisk støtteordning som skal bidra til at barn og unge i låginntektsfamiliar får moglegheit til å delta i minst ein fritidsaktivitet. Prosjektperioden er på 1 år, etter prøveperioden skal tiltaket evaluerast og ei eventuell vidareføring avgjerast. Kommunen har fått midlar frå Voss Sparebank til tiltaket.

Voss herad v/avdeling for Kultur og fritid administrerer Fritidsfond-ordninga. Prosjektleiari for Fritidsfondet er Kristina Finne. Prosjektleiari kan kontaktast ved spørsmål på telefon: 911 42 633 eller på e-post: kristina.finne@voss.herad.no

For at kommunen skal kunna vita kven som søkjer og kunna administrera avtalen om utbetaling av støtta til fritidsaktivitetar samlar kommunen inn kontaktopplysingar om søkjar, samt namn og fødselsdato på ein føresett og barnet søknaden gjeld.

For sikker identifisering må søkjar logga seg inn via ID-porten. Opplysningane vert lagra for arkivformål i kommunen sitt sak/arkivsystem. Anonymiserte personopplysingar vil bli brukt for å kvalitetssikra at ordninga treff målgruppa.

Dine rettigheter

Du har som registrert rett til å be om innsyn i, retting eller avgrensa behandling av personopplysingar. Du kan lesa meir om kommunen sine rutinar for innsyn på Voss herad sine nettsider [Personvernerklæring innbyggjarar - Voss herad](#)

Du kan klaga til Datatilsynet dersom du ikkje er nøgd med korleis me handterer dine personopplysingar. Du kan lesa meir om dine rettigheter på [Datatilsynet sine nettsider](#)

Voss herad har eit eige personvernombod. Du finn kontaktinformasjon og informasjon om personvernombodet si rolle på Voss herad sine nettsider [Personvernombod - Voss herad](#)